



SUND KOMMUNE

Rådmannen

Det Kongelige Helse- og omsorgsdep.
Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Sakshands.: OSH
Direktetlf.: 56327554

Vår ref.: 2007000971-3
Arkiv: N-403

Dykkar ref.:

Dato:03.07.2007

FORSLAG TIL UTVIDING AV PASIENTOMBODSORDNINGA - HØYRINGSUTTALE

Vi viser til Dykkar brev av 23.04.2007.

Sund eldreråd ynskjer å gje denne uttalen til forslaget:

Sund eldreråd er samd i hovudtankane i høyringsskrivet. Pasientombodsordninga bør no utvidast til også å omfatta tenester etter kommunehelsetenestelova og tenester med heimel i sosialtenestelova, med dei unntak som er nemnde i notatet.


Arbeidsdelinga mellom helseinstitusjonane og kommunebaserte helsetenester har endra seg i løpet av dei siste åra. Stendig fleire og meir omfattande oppgåver vert lagde på kommunane. Dei som mottek desse tenestene i heim eller i omsorgsbustad, treng eit talerøyr som er oppteke av brukaren sine interesser og rettstryggleik.

Sund eldreråd meiner at oppgåver og utfordringar på dette området er så store og omfattande, at 1 ny sakshandsamar pr. fylke høyrer lite ut. Særleg vil det vera knapt i dei største fylka, som til dømes Hordaland.

Sund eldreråd er godt nøgd med at Helse- og omsorgsdepartementet har teke dette initiativet og vonar naudsynte lovendingar kjem fort.

Med helsing

Sverre Bungum (s)
leiar Sund eldreråd


Oddlaug S. Hansen
sekr.